



Biomega AS
Skaganeset
5382 SKOGSVÅG

Rapport frå inspeksjon 15. juni 2012

Rapportnummer: 2012.014. I.FMHO

Til stades ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Bernt Konradsen
Olav Flesland
Ivar Møkster

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Sissel Storebø
Barbro Relling

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fant 2 avvik innan følgjande tema under inspeksjonen:

- Internkontroll
- Utsleppsløyvet av 27. mai 2011

Avvika er nærare omtala frå side 3 og utover i rapporten.

Biomega AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. oktober 2012** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala på side to.

Astrid Holte e.f.
senioringeniør

Sissel Storebø
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Sund kommune

1. Informasjon om verksemda

Namn: Biomega AS	Anleggsnr: 1245.0046.01
Besøksadresse: Skaganeset, 5382 Skogsvåg	
Postadresse: Kontorsenteret DOF, 5392 Storebø	
E-post: bernt.konradsen@marinebio.no	Telefon: 56 33 76 50
Kommune: Sund	Organisasjonsnr.: 983 090 842
Bransjenr. (NACE-kode): 10.209 Slakting, bearbeiding og konservering av fisk og fiskevarer ellers	Eigar (org.nr): 982 951 879
Løyve sist oppdatert: 27.05.2011	Risikoklasse: 3

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter og utsleppsløyve etter forureiningslova datert 27. mai 2011 blir overhalde.

Fylgjande hovudtema vart kontrollert:

- internkontroll med vekt på miljørisikovurderingar, avvikshandtering og det ytre miljø
- utsleppskontroll av vatn
- utslepp til luft
- dokumentasjon og journalføring
- handtering av avfall, farleg avfall og biologisk avfall
- handtering av kjemikal
- krav i utsleppsløyvet av 27. mai 2011

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda plikter snarast å rette opp avvika som er omtale i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. oktober 2012 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. oktober 2012, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket om tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varslet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. § forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 11 600 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet. "

5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11. farlig avfall
- internkontrollforskrifta
- utsleppsløyvet datert 27. mai 2012
- verksemda sine dokument som vart framlagt ved inspeksjonen

Informasjon om regelverket finn du på www.klif.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Internkontrollen har mangler

Avvik frå:

- *Internkontrollforskrifta §§ 4 og 5 punkt 6 og 7*
- *Produktkontrollova § 3a*
- *Løyve etter forureiningslova § 11 jf. 16*

Kommentarar:

a) Miljøriskovurdering

Verksemda har gjennomført risikovurdering for ytre miljø, men den har manglar. Miljøriskovurderinga omfattar ikkje alle tilstandar eller uønska hendingar som er relevante for ytre miljø. Verksemda kan ikkje dokumentere at den har fylgt opp miljøriskovurderinga med planar og tiltak for å redusere risikoforholda. Risikovurderinga omfattar mellom anna ikkje lagring av kjemikal og kjemikal. I ein risikovurdering er det viktig å få med tidlegare hendingar, mogelege/sannsynlege hendingar og hendingar som mest sannsynleg ikkje vil inntreffe, men kor konsekvensen er stor om det skjer.

Risikovurderinga må munne ut i handlingsplanar og konkrete rutinar som skal følgjast, og desse skal vera skriftlege. Alle handlingsplanar og planar for tiltak skal ha tidsfristar og kven som er ansvarleg for at dei vert gjennomførde.

b) Skriftlege rutinar

Verksemda har ikkje skriftlege rutinar for mellom anna utsleppskontroll og prøvetaking, miljøriskovurderingar og substitusjon. Driftsinstruks og driftsjournal er ikkje utarbeidd for reinseanlegget. Arbeidsrutinar må dokumenterast og systematiserast slik at de kan inngå i internkontrollen. Der det er rutinar og prosedyrar for å ivareta helse,- miljø- og tryggleik, vil kravet i forskrifta til systematikk innebere at verksemda skal vidareutvikle og skape heilskap i dei rutinane som allereie er utarbeida. Det vil sei at skriftlege arbeidsrutinar, instruksar mm. som finst må inngå i verksemda sin internkontroll.

c) Substitusjon

Kjemikalia som verksemda nyttar er ikkje risikovurdert. Verksemda har ikkje vurdert substitusjon av prioriterte stoff eller stoff med liknande eigenskapar der mindre farlege stoff er kjent/utprøvd. Det er eit krav i produktkontrolllova om at alle som brukar kjemikalie med miljørisiko, skal vurdere om det finst alternative stoff med mindre risiko. Desse alternativa skal veljast dersom det kan gjerast utan urimeleg ulempe eller kostnad. Dei kjemikalia som har høgast risiko bør vurderast for substitusjon oftare enn meir miljøvennlege alternativ. Substitusjon skal kunne dokumenterast.

Avvik 2:

Verksemda stettar ikkje vilkår i utsleppsløyvet

Avvik frå:

Utsleppsløyvet etter forureiningslova datert 27.mai 2011

- a) Verksemda har ikkje måleprogram for kontrollmåling av utslepp til vatn, jf punkt 11. 2 i utsleppsløyvet

Kommentarar:

Verksemda har ikkje måleprogram for kontrollmåling av utslepp til vatn som syner korleis målingane vert utført. Måleprogrammet skal mellom anna vise målemetode, prøvetakingsmetode, måleperiodar, samt utrekningar og utsleppsfaktorar som vert nytta.

Verksemda skal ha eit måleprogram som skal omfatte alle dei komponentane som er regulert i løyvet. Også andre komponentar som er rapporteringspliktige skal inngå i måleprogrammet. Dette er omtalt nærare i Klima- og forureiningsdirektoratet si rettleiar til verksemdene sin

eigenrapportering via Altinn. Rettleiaren finn du her:
<http://www.klif.no/publikasjoner/2877/ta2877.pdf>

Måleprogrammet skal beskrive og grunngje:

- frekvens for prøvetaking som sikrar representative prøver
- dei ulike trinna for målingar:
 1. metodar for volumstrømmåling
 2. prøvetaking
 3. analyse
 4. utrekning og rapportering av utslepp

8. Merknader

Fylkesmannen har ikkje gitt merknader.

9. Andre forhold

Verksemda starta opp med produksjon i ny fabrikk rundt 1. mai 2012.

Luktulemper

Ved oppstart av fabrikk vart det klaga på lukt. Denne klagen vart avvikshandtert. I samband med unormale driftssituasjonar eller driftstans som kan medføre luktulemper utanfor verksemda sitt område, skal verksemda varsle naboar som kan verte ramma av dette. Fylkesmannen vil rå til at verksemda etablerar ein nabokontakt, slik at dei vert varsla dersom verksemda medfører luktulemper.

Utsleppsmålingar

Verksemda skal dokumentere utsleppsmengdene av prosessavløpsvatnet. Verksemda har krav til mengdeproporsjonale døgnblandprøver av avløpsvatnet minimum 6 gantar i året. Målekum eller automatisk prøvetakar er ikkje installert ved anlegget.

Farleg avfall

Det vart opplyst under tilsynet at verksemda genererer lite farleg avfall, berre gearolje. Farlig avfall vart ikkje levert i 2011. Farleg avfall skal leverast kvart år til godkjent mottak for denne type avfall når avfallsmengda er meir enn 1 kilo.

10. Bilde



Fabrikk til Biomega på Skaganeset